



Jmf. adresseliste

Vår ref: (oppgjø ved kontakt) Dykkar ref.:
2018/1016 - 10917/2018

Saksbeh.: Randi Holsen Solheim,
tlf: 57839507

FØRDE,
13.03.2018

Oppnemning av personar for val av nytt felles Brukarutval i Sogn og Fjordane

Det er tid for nytt val av medlemar og varamedlemar til felles Brukarutval i Sogn og Fjordane.

Ny periode gjeld frå 1.januar 2019 – 31.desember 2020.

Nye retningslinjer for felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane vart fastsett av koordineringsrådet i Sak 49/17 16. november 2017. Desse slær fast at brukarutvalet skal ha 10 medlemar som vert oppnemnde for 2 år om gongen. Fordelinga av representantar ser slik ut:

Organisasjon	Tal representantar
FFO	4
SAFO	2
Pensjonistforbundet S og Fj	1
Kreftforeninga	1
TSB (eller anna relevant foreining)	1
Brukarrepresentant kommune/fylke	1

I tillegg til møterepresentantane møter ein fast representant frå Helse Førde og ein fast representant frå KS/kommunane. Desse vert og oppnemnde for 2 år.

Når det gjeld brukarrepresentanten frå kommunar/fylke skal KS syte for framlegg til 1 person som er brukarrepresentant frå kommunalt råd for eldre/menneske med nedsett funksjonsevne. Det er leiar for dei regionale fagnettverka for helse og omsorg som kjem med framlegg til representanten. Her rullerer representasjonen mellom dei fire regionane i fylket i denne rekkjefølgja: Nordfjord, HAFS, Sogn og Sunnfjord. Tilsvarande råd på fylkeskommunalt nivå kjem med framlegg om ein representant. Ein av kandidatane frå kommune/fylke er medlem i Brukarutvalet, medan den andre er vara. Dette skal veksle mellom dei nemnde råda i annakvar periode.



I inneverande periode har Aud Karin Netland frå **Fylkesrådet for eldre** vore representant medan Erlend Haugen Herstad frå **Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne** har vore vara. Netland kjem frå Nordfjord – og Herstad kjem frå Sunnfjord. I samsvar med retningslinjene vert det då HAFS-regionen som skal ha representasjonen i komande utvalsperiode.

Vidare i retningslinjene heiter det, «Når eit nytt brukarutval skal oppnemnst, må ein ta omsyn til både kontinuitet og fornying. Medlemmer i brukarutvalet skal sjølve ha erfaring som pasient og/eller pårørande og ha tilknytning til opptaksområdet til føretaket.»

Det vert elles synt til at «Organisasjonane som foreslår kandidatar, skal oppmodast om å sende informasjon om relevant formal- og realkompetanse. Bakgrunnssjekk gjennom innsend informasjon og eventuelt intervju dannar grunnlaget for utveljinga.»

Med bakgrunn i dette ber vi no om at dykkar organisasjon gjer vel og melder inn aktuelle kandidatar for brukarrepresentasjon **innan 15.august 2018**. Vi gjer merksam på at organisasjonane må føreslå fleire kandidatar enn ein kan rekne med å få inn i utvalet.

Organisasjonane sine framlegg til brukararepresentantar vert sidan systematisert i vidare prosess utover hausten. I samsvar med retningslinjene skal Koordineringsrådet formelt gjere val av nye medlemar – og dette er planlagd gjennomført i rådet sitt møte 22.11.2018. Til sist vert dette vedtaket lagt fram for helseføretaksstyret til orientering.

For at intervju- og utveljingsprosessen fram til endeleg vedtak skal bli så god som mogeleg, ber vi dykk merke dykk at **frist for tilbakemelding på aktuelle kandidatar må vere oss i hende innan 15.august 2018**. Sendast til Helse Førde postboks 1000, 6807 Førde, eller post@helse-forde.no

Med helsing

Randi Holsen Solheim
rådgjevar

Vedlegg

- 1 Felles retningslinjer for brukarmedverknad mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
- 2 Adresseliste

Kopi: Arve Varden